

Fra: Ola Teigen (ola.teigen@kinn.kommune.no)

Sendt: 19.08.2021 12:08:02

Til: Vestland fylkeskommune; Jannicke Bergesen Clarke

Kopi: Dina Johanne Lefdal; Kinn kommune; Frode Ellingsund; Øyvind Bang-Olsen; Silje Ødegård Standal; Arve Helle; Frank-Willy Djuvik; Hanne Eva Husebø Kristensen; jenny.folling@sunnfjord.kommune.no

Emne: Bruer Hovlandsvegen - Eikefjord

Vedlegg:

Viser til synfaring 8. mai 2019 og e-post frå Lefdal under.

Kommunen er godt nøgd med at ein no erstatter bruene på Hovlandsvegen. At ein vil følge vedteken reguleringsplan og legg opp til også å samstundes bygge gang- og sykkelveg er bra.

Derimot er vi uroa for at dei nye bruene vil skape trafikkfare. Hovlandsvegen er i dag klassifisert som farleg skuleveg. Seinare har trafikken vokse, særleg tømmertransporten til den nye tømmerkaia. Veggen går på ei strekning med mange bustader og er veg til idrettsanlegget i bygda.

Ved bruene Hovland 1 og 2 endar brua ved ein fjellhammar på den eine sida og ein fjellknaus og autovern på den andre. Fossen under brua gjer til at det kan vere vanskeleg å høyre biltrafikk for gåande. Når ein etablerer gang- og sykkelsti på brua si strekninga, vil gåande måtte krysse vegen rett før brua for så å måtte krysse over igjen når det ikkje lenger er gangveg etter brua.

Fullstendig gang- og sykkelveg ligg på marginallistan i tidlegare Sogn og Fjordane.

Kommunen og Eikefjord grendalag ber om at ein som eit minimum planerer og utbetrar strekninga frå brua Hovland 1 og austover til fotgjengerovergang og etablert fortau ved skulen sin parkeringsplass. Tiltaket vil vere rimeleg og gje langt større trafikktryggleik.

Kinn kommune ber om at denne e-posten vert lagt fram for samferdselsutvalet i Vestland fylkeskommune.

Mvh Ola Teigen

Ordførar Kinn kommune

Last ned [Outlook for iOS](#)

Fra: Dina Johanne Lefdal <Dina.Johanne.Lefdal@vlfk.no>

Sendt: mandag, august 9, 2021 2:44 pm

Til: Ola Teigen

Emne: SV: Bruer Hovlandsvegen - Eikefjord

Hei

Vel overstått ferie.

Eg kan ikkje sjå at du har fått svar på spørsmålet ditt om bruene i Eikefjord, beklager dette.

Prosjektet i Eikefjorden er å bygge opp att bruene som er midlertidig støtta opp av trestøtter midt under for at dei skal ha ei tilfrestillande bereevne. Kinn kommune (eller tidlegare Flora kommune) har utarbeida reguleringsplan for denne vegstrekninga der G/s veg var målet. Vi tilpasser bruene til framtidig gang og sykkelveg, men vi har ikkje midlar til å utbetra vegen ut over det vi må for å tilpasse inntil brua. Eg har full forståing for at det er eit ynskje får kommunen si side å få på plass desse metrane med veg frå brua og ned til skulen, men denne vegstrekninga ligg desverre ikkje inne i vår plan no.

Mvh

Dina Lefdal

Tlf 95700813

Fra: Ola Teigen <ola.teigen@kinn.kommune.no>

Sendt: torsdag 1. juli 2021 14:53

Til: Dina Johanne Lefdal <Dina.Johanne.Lefdal@vlfk.no>

Emne: Bruer Hovlandsvegen - Eikefjord